



# DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

*Kommunal- og moderniseringsministeren*

Stortingets presidentskap  
Ekspedisjonskontoret  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/2866-2

31. mai 2021

## **Spørsmål til skriftlig besvarelse nr. 2142 fra stortingsrepresentant Liv Kari Eskeland - Kvar veksten i statlege stillingar har vore under denne regeringa samanlikna med førre regjering?**

Eg viser til brev av 6. mai 2021 frå Stortingets presidentskap med spørsmål til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Liv Kari Eskeland til distrikts- og digitaliseringsministeren. Spørsmålet er overført til kommunal- og moderniseringsministeren.

### **Spørsmål:**

Kan statsråden gjere greie for kvar veksten i statlege stillingar har vore under denne regeringa samanlikna med førre regjering, og gi ei vurdering av kva sektor og stillingstypar som har blitt prioritert?

### **Begrunnelse:**

Det har ved fleire høve, både frå talarstolen her i Stortinget og i media, blitt hevda at Solbergregjeringa har stått for sterk vekst i tal statlege stillingar, og at dette har auka byråkratiseringa i Noreg. Når slike påstandar er generelle og udokumenterte bidreg dei ikkje til å gi innsikt i kva som faktisk har føregått.

### **Svar:**

Det finst ikkje samanliknbar statistikk over kor mange tilsette det er i statsforvaltninga for tidsperioden 2005-2020. For å svare på dette, nyttar vi difor tre ulike kjelder. Dei tre kjeldene er ikkje direkte samanliknbare i absolutte tal, men dei er konsistente for kvar periode. Eg vil likevel samanlikne årleg vekst i dei ulike periodane med kvarandre, for å kunne gje i ei samla oversikt av utviklinga i staten dei siste 15 åra. Talgrunlaget dekkjer statsforvaltninga, dvs. Statsministerens kontor og departementa med underliggende verksemder. Dette ekskluderer Stortinget, Sametinget og domstolane i Noreg. Helseføretaka og utskilte einingar som

statens forretningsdrift og statleg eigde aksjeselskap (som Equinor, Telenor, Statskraft, mv.) inngår ikkje i talgrunnlaget. Det er nytta avtalte årsverk dvs. summen av tal heiltidsjobbar (arbeidsforhold) og deltidsjobbar omrekna til heiltidsjobbar i dei ulike statistikkane. I perioden 2005-2013 er data frå Norsk Samfunnsvitenskapelig datateneste (NSD) nytta. For 2013-2016 er SSB sin registerbaserte sysselsetjing nytta basert i hovudsak på aa-registeret. Tala for 2016-2020 er frå SSB sin registerbaserte sysselsettingsstatistikk basert på rapportering til a-ordninga, med gjennomsnitt for alle 12 mnd for kvart år (ny ordning). Tala er ikkje justert for omorganiseringar. Dette betyr at når verksemder og tilsette med arbeidsoppgåver flyttar inn/ut av statsforvaltning, so er ikkje tala justert for dette.

### Utvikling i årsverk i statsforvaltninga frå 2005-2020

Antal årsverk i statsforvaltninga auka i perioden 2005-2016, men frå 2016 har veksten bremsa noko opp og viser ein reduksjon, sjå tabellen under.

Tabell 1: Gjennomsnittleg årleg endring i antal årsverk i staten

	2005-2009	2009-2013	2013-2016	2016-2020
<b>Gjennomsnittleg årleg endring i antal årsverk</b>	1,76 %	2,09 %	2,34 %	-0,39 %

Under Stoltenberg-regjeringane (2005-2013) auka veksten frå Stoltenberg 1 til Stoltenberg 2. I 2005 var det om lag 120 000 årsverk i statsforvaltninga, medan det i 2013 var ca. 138 000 årsverk. Det var i denne perioden ein vekst i alle sektorar, sett bort frå verksemder under Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet. Det var ein særskilt stor vekst i antal årsverk hjå universitet og høgskular, politiet og samferdsleetatene i denne perioden.

I dei fyrste åra av Solberg I-perioden (2013-2016) var det ein gjennomsnittleg vekst på 2,34 pst. Årsverka i statsforvaltninga auka med om lag 10 000 årsverk i denne perioden. Det var størst auke i universitets- og høgskulesektoren, til dømes hadde Universitetet i Oslo ein vekst på om lag 850 årsverk, NTNU rundt 2200 årsverk og Universitetet i Tromsø litt over 600 årsverk. Vidare var det ein auke i politiet på om lag 1700 årsverk. Arbeids- og velferdsetaten hadde òg ein auke i denne perioden på om lag 700 årsverk.

Frå 2016 til 2020 har det vore ein reell reduksjon med om lag 2350 årsverk i statsforvaltninga. Det har vore størst reduksjon i verksemder under Samferdselsdepartementet, Kulturdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Det har i same periode vore ein markert auke i antal årsverk i høgskule- og universitetssektoren (for eksempel NTNU med 860 årsverk) og politi- og lensmannsetaten (1700 årsverk).

Reduksjonen i årsverk i denne perioden var størst for verksemder underlagt Samferdselsdepartementet. Det er dei organisatoriske endringane i Jernbaneverket (4300 færre årsverk) og Statens vegvesen (2500 færre årsverk) som i hovudsak kan tilskrivas denne utviklinga. Under Kulturdepartementet har det òg vore ein nedgang på om lag 1500

årsverk. Dette skuldast i hovudsak at Den norske kyrkje blei skild ut frå staten. Reduksjonen i årsverk under Helse- og omsorgsdepartementet har hovudsakleg vore i Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, med om lag 300 færre årsverk i dei to verksemdene.

Veksten i antal årsverk i staten har i perioden 2016-2020 kome innanfor prioriterte sektorar og verksemdar. Reduksjonen i antal ansatte har kome som ein konsekvens av regjeringas ABE-reform samt ei heil rekkje med omstillingsprosessar innanfor fleire sektorar.

### Utviklinga på departement- og direktoratsnivå (2009-2019)

Difi og DFØ har gjennomført eigne undersøkingar av den årlege utviklinga i antal tilsette (målt med antal arbeidsforhold) i departementa og direktorata inkludert ytre apparat (sjå DFØ notat 2020:1). Dette omfattar om lag 50% av alle tilsette i staten. Gjennomgangane syner at veksten i sentralforvaltninga og det ytre apparatet har same utvikling som staten samla, sjå tabell under. Det har vore ein auke i perioden 2009-2013, og ein auke i byrjinga av Solberg-regjeringa sin periode, og noko nedgang mot slutten av perioden 2013-2019 .


Tabell 2: Gjennomsnittleg årleg endring i antal tilsette

År	2009-2013	2013-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Ujustert	0,9%	1,1%	-5,3%	0,6%	-0,7%
Justert for omorganiseringar	1,0%	1,2%	-0,1%	0,1%	-0,6%

Kjelde: DFØ notat 2020:1

For sentralforvaltninga (departement og direktorat), har veksten vore særst liten under denne regjeringa samanlikna med perioden 2009-2013.

Med helsing



Nikolai Astrup